



«MottakerNavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

18.02.2019

Melding om vedtak

Melding om vedtak: Nye føresegner til kommuneplanen sin arealdel

Hjørdal kommunestyre har i møte 6.2.2019 vedtatt nye føresegner til kommuneplanen sin arealdel. Vedlagt ligg saksframstilling og nye føresegner.

Vedtaket kan ikkje påklagast jf pbl § 11-15, 3. ledd.

Med helsing

Maria Fremmerlid
Samfunnsutviklar jord/plan

Vedlegg:

- 1 Føresegner til kommuneplanen revidert 6.2.2019



Godkjenning av nye føresegner til kommuneplanen sin arealdel

Saksnr	Utvalg	Møtedato
2/2019	Kommunestyret	06.02.2019

Vedtak i kommunestyret

I medhald av pbl § 11-15 vedtar Hjartdal kommunestyre nye føresegner til kommuneplanen sin arealdel slik dei blei sendt på høyring.

Handsaming i kommunestyret :

Saka vart drøfta.

Votering:

Rådmannen si innstilling blei samrøystes vedteke.

Rådmannen si innstilling:

I medhald av pbl § 11-15 vedtar Hjartdal kommunestyre nye føresegner til kommuneplanen sin arealdel slik dei blei sendt på høyring.

Samandrag:

Dei nye føresegnene til kommuneplanen har vore på høyring i seks veker, det har kome ei rekke innspel, som for det meste gjeld protest mot moglegheita til kunne krevje plikt til tilkopling til vatn, og visse tilfelle også avlaup.

Rådmannen tilrår at kommunestyret vedtar dei nye føresegnene.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok planprogram for endring av kommuneplanen i møte 12. desember 2018, i det same møte ble det vedtatt og leggje nye føresegner ut på høyring. Dei nye føresegnene blei sendt på høyring 17. desember til statlege og regionale mynder, og grunneigarar og *Tuddal hytteforeningers fellesutvalg* i seks veker. Innan fristen har det kome ei rekke innspel, desse er oppsumert under:

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark	Gir kommunen honnør for oversiktleg framstilling av endringane og kva som vert konsekvensane av dei. Fylkesmannen vurderer at dei reviderte føresegnene er i tråd med deira tidligare innspel og kan ikkje sjå at det kjem i konflikt med dei nasjonale interessene som Fylkesmannen er satt til å taka vare på. Fylkesmannen har difor ingen merknader til høyringsforslaget.
Tor Hatlo Johansen	Ynskjer ikkje vatn frå Sjøvatn, har godt vatn i dag. Dei høge kostandene gjer det lite freistande med hytte i Tuddal
Tom Øyvind Brødsjømoen	Alle hyttefelta i Tuddal har godt nok vatn frå Borebrønnar. Å velje Sjøvatn er dyrt, og fører med seg store inngrep i naturen. Politikarane har ikkje kontroll på økonomien og lempar kostnadene over på hytteeigarane. Hadde forventet meir respekt frå politisk leiing med tanke på eigedomsskatten som hytteeigarane betalar. Politikarane legg til grunn for ambisiøse tak på nye hytter i budsjettet, Tuddal har ikkje dei same attraksjonane som andre hyttekommunar, og prisane er ikkje marknadstilpassa. Det har vore lite sal av hytter i Kovstulheia dei siste åra. Politikarane sine intensjonar har ingen verdi etter neste kommuneval. Utan juridisk bindande avtale om at det skal vere frivillig for dei med låg standard stoler han ikkje på at kommunen står ved intensjonen. Kommunen burde heller nytte tida til å etablere attraktive skiløyper og andre fritidstilbod i sommar og vintersesongen som kan gjere Tuddal meir attraktivt.
Kristin og Alain Doval	Har hytte i Russmarken og treng ikkje vatn frå Sjøvatn. Dei har det vatnet dei treng frå brønn.
Paul Hagen	Kommunen synes å ha problem med å forstå at samarbeid løyser mange problem. V/A bør byggjast ut etter etterspørsel. Han og kona har hatt 30 fantastiske år i Tuddal og Gvålsheia, og føler dei har vore gode ambassadørar for Tuddal. Dei er for felles avlaup, det er eit «must» for framtida, men kan ikkje forstå at Hjartdal vel dyraste løysing når det gjeld vatn. Dei har godt vatn i dag (positive analyseresultat.) Det er ein skam at folk som har bygd seg hytte Tuddal må selje denne grunna høge kostnader påført av kommunen.
Grethe Tangen	Ynskjer ikkje dyrt vatn frå Sjøvatn, har godt vatn i dag
Stein Olav Odden	Har hytte med låg standard på Solheimsbeite og hentar vatn i brønnhus, Treng ikkje vatn frå Sjøvatn.
Ove Harald Pedersen	Har hytte på Vestre Solheimsbeite og er godt nøgd med vatn frå brønnhus. Kommunen sin definisjon på kva som er hytte med høg og låg standard er uklar. Er høgstandard alle hytter som har innlagt vatn og tett tank, og alle andre lågstandard? Kva med dei hyttene som har vatn til husvegg og slipp oppvaskvatnet ut i naturen. Er det ei god løysing? I og med at brønn ikkje er søknadspliktig korleis skal da kommunen regulere ev. utslapp? Dersom alle hadde koplet seg på hadde kostnadene blitt lågare. Kva med pumpehus der nokre eigarar berre har vatn til veggen, mens andre har inn i hytta? Vi meiner det er forskjellsbehandling at berre vi som har tatt kostandene med vatn og tett tank som blir tvungne på vatn frå Sjøvatn. Det er ikkje rett at lågstandardhytter skal sleppe unna, det er forskjellsbehandling av kommunen. Vi ynskjer avlaup men ikkje vatn, då vi har ei løysing i dag som fungerer utmerka. Meiner at kommunen ikkje kan leggje kostnadene av ei slik stor utbygging på berre nokre få hytter.
Inger Karin Myhre	Protesterer mot vatn og avlaup på Toskjær. Har hytte med låg standard som må byggjast heilt om. Har forbrenningstolett og tek med drikkevatt.

Kirsti Skjerven	Uforståeleg at i ljøs av rapporten frå Telemark kommunerevisjon at kommunen turar i veg. Tidlegare søkte ho rekreasjon og kvile i Tuddal, no er det berre frustrasjon, ho treng ikkje vatn frå Sjøvatn, kommunen bør rydde opp i økonomien på anna måte.
Harald og Kari Obrestad	Då dei bygde hytta i 2008 var det ingen plan om offentleg V/A. Dei valde i 2010 å ta kostnadene med å bore brønn, og er sjølvforsynt med vatn frå denne. Det er urimeleg å krevje at dei skal kople seg på offentleg vassforsyning og påføre dei ekstra kostnader. Er òg kritiske til naturinngrepet.
Odd Kaare Linnestad	Tar vatn frå elva som bli pumpa inn i hytta, og det dekker deira trong for vatn. Vassforsyningsprosjektet frå Sjøvatn vil påføre dei store kostnader dei ikkje har høve til å betene. Dei har tidlegare koplå seg på kloakken. Heile tomta blei rasert og skaden kunne ikkje opprettast. Dei har lagt ned masse tid på å få tomta akseptabel igjen.
Bjørn Nilsen Aas/Tore Børnick	I Kovstulheia er det anlegg basert på desentraliserte grunnvassbrønner med vatn av høg kvalitet. Nye hyttefelte kan driftast på same måte. Uforståeleg at Hjartdal med dei høgste kommunale avgiftene i landet sett i gang eit slikt prosjekt. Det er eit problem i det norske nærdemokratiet at eit kommunestyre kan fatte vedtak om store kostnader og leggje kostnadene på enkelt individ som ikkje har stemmerett i kommunen. Meiner det er i strid med grunnlova å endre § 30-6 etter at vassforsyningsprosjektet er starta då kommunen tek i frå grunneigarar og hytteigarar rettssikkerheten § 30-6 har lagt til grunn. Ei utbygging med grunnvassbrønner vil koste ein brøkdelen av Sjøvatnprosjektet. Administrasjonen har lagt til grunn urette premisser når dei har informert politikerane. Kommunen har forleda NVE til å gi konsesjon til å hente vatn frå Sjøvatn fordi det er naudsynt for Kovstulheia. Dette er ein grov usannhet. Det kan synast som at omsynet til å byggje Tuddal ut som ei hyttestedestinasjon og framtidig ekspansjon er det viktigaste argumentet for å byggje ut Sjøvatn. Dersom kommunestyret vedtek nye føresegner vil dei klage til Sivilombudsmannen.
Svein Arild Gerhardsen	Er tilkoplå avlaup, men ynskjer ikkje vatn då dei har godt vatn frå borebrønn. Kostnader på 190.000 pluss årleg gebyr er uhørt, og forskjellsbehandling i høve til andre hyttefelt som ikkje har fått pålegg om tilkopling. V/A prosjektet ber preg av å vere ute av kontroll, dårleg planlegging og dårlege forprosjekt som har ført til budsjettsprikk. Beløpet ligg skyhøgt over samanliknbare kommunar (t.d. Gaustablikk). Det er enkelt å vedta noko ein ikkje skal betale sjølv. Framtidige prognosar er for optimistiske, korleis ein skal klare å utvikle Tuddal med slike kostnader er uforståeleg. Dersom ein kutta ut Sjøvatn ville fleire lågstandardhytter kople seg på avlaup.
Gunnar Johannes Torød	Urimeleg at dagens hytteigarar skal betale 100 % av kostnadene ved å dekke framtidig behov. Det er godt vatn i Kovstulheia i dag. Kommunen sitt vedtak om utbygging av Sjøvatn er basert på gale premisser og prognosar. For dei som ikkje har stemmerett opplevast det som totalt udemokratisk når hytteigarane får store kostnader og kommunen ikkje får økonomiske konsekvensar. Utgifter for framtidige planar for Tuddal som hyttestedestinasjon må bærast av kommunen.

Thorbjørn Grønli/Øyvind Larsen/Stian Stiansen	Meiner dei har forhold seg til det dei har fått beskjed av frå Hjartdal kommunen, spesiell type tett avlaupstank og at dersom det kom kommunalt avlaup måtte dei kople seg på dette seinare. Det har dei gjort. Seier dei fekk beskjed frå leiar i kommuneadministrasjonen at om dei ville har vatn på hytta måtte dei skaffe det sjølv, sidan det var uaktuelt med kommunalt vatn på Kovstulheia. Dei har tilpassa seg dette. Eit krav om tilkopling til kommunalt vatn må hansamast etter same refusjonsregler som avlaup. Eit krav er at refusjonsbeløpet som skal påleggast den enkelte eigedom skal vere den verdiauke som tiltaket fører til for eigedomen. Kommunalt vatn i staden for noverande vil ikkje auke verdien. Eigedomen si verdi vil synke grunna høge årsavgifter. Dei meiner difor at Russmarken ikkje kan krevje refusjon for hytter som har ein god og billig løysing i dag
Gunnar Spikkeland	Har hytte i Røyslia med låg sanitær standard og har ikkje sakna innlagt vatn.
Per Arne Syrrist	Syner til grunnlova si § 97 som seier at lov ikkje må få tilbakeverkande kraft. Meiner krava om tilknytning til avlaup venta for dei som har tett tank, men at vatn ikkje har vore eit krav i byggeløyve. Ber om at føresegnene blir endra slik at eksisterande fritidsbustader skal handsamast etter føresegner som gjaldt då byggeløyve blei gitt. Ber Fylkesmannen vurdere lovlegghetskontroll av planendringa. Vil vurdere gruppesøksmål mot kommunen med heimel i grunnlova si § 97.
Arne Morten Knutsen og Ann-Iren Haugen	Grunna utsetting av avlaupsnett har dei måtte leggje inn tett tank mellombels til betydelege kostnader. Det var aldri på tale med kommunalt vatn, og dei har kjøpt seg inn i vasspost. Dei protesterer difor mot kommunalt vatn.
Åsmund Eggestad	Har hytte med låg standard og dersom kommunen går attende på desse lovnadene er det ikkje kulturbygda Hjartdal verdig. Ber om å bli spart for desse kostnadene.
Kari Bølling Thorne og Fredrik Thorne	Kommune sine planar om å ta vatn frå Sjøvatn øydelegg naturen der grunneigarane ikkje ein gang ynskje skiløyper, hytta i Tuddal vil bli alt for kostbar for dei som er pensjonistar. Kommunen øydelegg Tuddal som hyttestedestinasjon, og bli dei tvungne på vatnet må dei selje hytta med tap, miste hyttested og økonomisk tryggleik og investering for alderdom.
Morten Aaltveit	Har godt vatn frå borebrønn i dag. Urettferdig å måtte betale for ein teneste dei verken ynskjer eller treng.

Håkon Bøen, Kjell Tore Våle, Jan Egil Skårdal, Sigrid Dahl, Bjørn Olav Øya, Knut Buen, Halvor Kasin, Geirmund Rui	Grunneigarane har prøv i fleire år å få kommunen til å sjå på alternative løysingar som alternativ til Sjøvatn. Grunneigarane har saknar medverknad i prosessen. Det er ikkje naudsynt å vedta nye kommuneplanføresegner som vil gi kommunen heimel til å tvinge alle hytter på kommunen sitt vassanlegg. Det er eit feilslått prosjekt som ikkje har forankring bland kommunen sine kundar. Meiner det er klart at lågstandard hytter vil bli tvunge på om få år, kommunen sine lovnader er ikkje truverdige. Spørjeundersøking syner at det ikkje er stor oppslutning bland lågstandardhyttene. Kommunen sine prognosar er ikkje kvalitetssikra. Grunneigarane har investert store beløp i eigne brønnar, og at krav om tilkopling til vatn etter § 27-1 må takast ut. Det burde vore krav om reguleringsplan etter § 12-1, manglande plan har gjort at grunneigaren ikkje har fått medverke i prosessen. Kommunen har ikkje omsyntt eksisterande investeringar i brønnar til 20 millionar kroner. Politikarane har fatta vedtak på grunnlag av dårlege saksutgreiingar. Kommunen sin drikkevassløysing fører til store ekstra kostnader som føre til ein konkurransevriding mellom hyttefelt i Tuddal. Kommunen har ikkje vist interesse for å diskutere billigare løysingar for vatn.
THF v/Tore Hagen	Syner til spørjeundersøking som syner at 93 % av eksisterande hytter i Kovstulheia/Russmarken har god nok vassforsyning i dag og at det er dokumentert at det er meir enn nok grunnvatn i område for å forsyne framtidige fritidsbustader. Det finne ingen sakleg grunn til å gjere § 27-1 gjeldande og ber om at det blir tatt ut. <i>Resultat frå spørjeundersøking ligg som vedlegg til saksframlegget.</i>
Hanne Lonar	Ynskjer ikkje vatn. Seier dei berre har mottatt informasjon frå hytteforeninga og ynskjer at kommune kjem på banen med kva som er konsekvens og kostander for kvar hytteeigar. Ynskjer å leve hyttedraumen i Tuddal men kommunen gjer det vanskeleg og kostbart.
Anne Marie Sikkeland	Ynskjer ikkje vatn, skeptiske til bruk av overflatevatn, og ynskjer ikkje ytterligere miljøødelegging og store økonomiske kostnader. Ynskjer at Hjartdal kommune tek medverknad på alvor og ikkje er uforståeleg med krumspring av ord og formuleringar. Ber om at innspel og kunnskap som THF har skaffa blir tatt på alvor.
Bjørn Nysveen	Har lågstandard hytte, og ynskjer ikkje stygge inngrep i naturen rundt oss. Ber om at Hjartdal kommune snart høyrer på kva dei har å sei.
Aud Tjønnberg	Har lågstandard hytte, det er ikkje aktuelt med vatn frå Sjøvatn.
Anne Berith Lilleby	Har ei lita hytte på 60 m2, ikkje plass til bad og dei bærer vatn inn. Håper at kommunen står ved lovnaden om at lågstandard hytter ikkje skal koplast på, elles må dei forlate Tuddal.
Marit Kobro	Ikkje interessert i vatn frå Sjøvatn, har godt vatn i dag og meiner det ligg føre særlege grunnar som gjer at ho ikkje er omfatta av tilknytningsplikta. Ho meiner at når hytta vart bygd i 2009 inngikk kostander til tilkopling til vasskjelde. Det er ikkje krav til tilknytning i reguleringsplan, og det finnes ikkje sakleg grunn til å krevje plikt til tilkopling til vatn etter § 27-1. Arbeidet ved Langetjønn/Sjøvatn burde vore stopp i påvente av planprosessen. Kostnadene er ikkje berekraftige for framtida, og prognosane for framtidige hytter er for ambisiøs. Kostandene skal stor utryggeleik for hytteeigarane. Forankring av prosess i forkant og informasjon er for dårleg. Å bruke uttrykket « det er ikkje klagerett på vedtaket» syner ein umyndiggjering som ikkje gagnar demokratiske prosessar i ein sak som skaper mykje

	engasjement. Vi anmode om at kommunen kjem «på lag» med hytteeigarane som er dei beste ambassadørane for Tuddal.
Torgeir Kittelsen	Har hytte i Solheimsbeite. Hytta har godt vatn frå borehull. Når dei valde å oppgradere fekk dei beskjed av kommunen at vil vi har vatn måtte vi ordne det sjølv. Ynskjer ikkje vatn frå Sjøvatn. Dei blir påført store kostnader dei ikkje kan bere. Sterke motsegner mot endring av kommuneplanen. Vurderer om dei må reversere hytta til låg standard.
Rolf Moe	Har forhold seg til at dei måtte kople seg på avlaup, men blei ikkje informert om at dei måtte kople seg på vatn. Dei fekk ingen beskjed frå Russmarken eler kommunen om tilkopling til avlaup ville føre til tilkopling også for vatn. Har betalt for godt vatn frå borebrønn og ynskjer ikkje å betale ein gong til. Syner til § 27-1 kor det står at dersom tilkopling vil vere forbundet med urimeleg stor kostnad, kan kommunen godkjenne anna ordning.
Leif Andersen	Dei er nye hytteeigarar, ynskjer ikkje vatn då dei har godt vatn i dag. Dei er ikkje interessert i å finanseire kommunen sin vrangførestilling om at dette skal auke Tuddal sin attraktivitet, det er ikkje om vatnet er privat eller kommunalt som avgjer om eit område er attraktivt. Dei er sterkt mot kostnadene dette fører med seg.
Dag Henry Bering	Har godt vatn frå Nedstulen vassverk saman med to nyttenaboar. Protesterer mot vatn frå Sjøvatn
Kjell Sandve	Sterkt kritisk til planen om tvungen tilkopling til vatn. Dei har investert i lokal fellesbrønn i Gvålsheia. Det er trist at kommunen fortsett i same stil, det burde vere eit mål å finne demokratiske løysingar for fellesskapet. Dei har heile tida vore klar over at dei måtte kople seg på kloakken. Dei føler seg totalt overrumpla når dei etter kostnadssprekk på kloakken blir førespela like store kostnader på vatn. Vil vurdere å støtte gruppesøksmål. Ber kommunen revurdere sine planar.
Hege Spæren	Bekymra for kostnader og inngrepa i naturen. Har godt vatn frå brønn og har ikkje trong for vatn frå Sjøvatn.
Dag Thorød	Urimeleg at han som har godt vatn skal betale fleire hundre tusen for både sanitær og vatn. Det er urimeleg forskjellsbehandling hytteeigarane i mellom. Lågstandard hytter kan og ende opp med innlagt vatn, og korleis skal kommunen stille seg når slike ynskjer kjem? Ikkje alle hytteeigarane i Tuddal kan bære in slik investering. Korleis vurderer politikarane den enkelte hytteeigar betalingsevne. Har kommunestyrerepresentantane slike summer på bok? Godtek tilkopling til sanitær, men ikkje vatn.

Vurdering:

Rådmannen konkluderer med at når det gjeld dei endringane kommunen har føreslått som ikkje er knytt til vatn og avlaup, er desse uproblematisk all den tid det ikkje har kome ein kommentar knytt til dette, og Fylkesmannen seier det ikkje er i strid med dei interessene dei skal passe på.

Rådmannen vil under kommentere dei kommentarane/og merknadene som går igjen, då innspela inneheld mykje av det same.

Mange av innspela er kommentert i samband med stadfesting av planprogrammet. Rådmannen vil jamvel igjen framheve at det ein tek stilling til i denne saka når det gjeld vatn og avlaup, er om kommunen skal skaffe seg heimelen til å kunne krevje tilkopling, ikkje i kva tilfelle den skal nyttast og om den skal nyttast. Rådmannen forstår at dette skaper utryggleik hos fleire hytteeigarar som meiner føresetnadene har endra seg etter kjøp av hytte/oppgradering, og at kommunikasjon og dialog med kommunen og Russmarken har vore dårleg.

Det er som venta kome ein rekke innspel knytt til vatn, og til dels avlaup, både frå privatpersonar, men også frå hytteforening som representere mange hytteeigarar i kommunen.

Når det gjeld avlaup verker det som storparten meiner detter er akseptabelt, og at det er ei naudsynt investering for framtida, samtidig som det har vore varsla lenge, så det er ikkje eit uventa krav. Det jamvel mange som er kritiske til terrengarbeidet som er utført og meiner fleire tomter er øydelagt av anleggsarbeidet. Kommunen er samd i at mens arbeidet pågår har det somme stader sett voldsomt ut. Russmaken har rutine på å gå ferdigsynfaring med grunneigar, og har også gjeve tilbod til enkelt grunneigarar om sluttsynfaring, der slike problemstillingar og avbøtande tiltak blir vurdert og satt i verk.

Samla sett må det seiast at det er stor motstand mot vassdelen av prosjektet, og tilliten til kommunen er tynnslitt. Det peikast på lite forståing for store kostnader knytt til kommunal vassforsyning når dei fleste opplev at dei har ei brukbar vassløyving i dag. Fleire peiker på at kostnadene er så store at dei må selje hytta, og har lite forståing for at dei skal vere dei som kostar eit anlegg for framtida og for hytter som ikkje er bygd enda. Rådmannen har forståing for at desse kostnadene for fleire vil opplevast som store, og unødige for dei som alt har investert i vatn og er nøgd med den løysinga dei har i dag. Det er eit politisk val å byggje ut vatn og avlaup for ei vidare framtidsretta utvikling av Tuddal.

Andre peiker på at det er forskjellsbehandling av kommunen å berre krevje at dei hyttene som har investert i vatn og avlaup må kople seg på, det peikast på at dei som berre slepp oppvaskvatnet rett ut slepp unna alle krav, og at dersom alle hyttene hadde måtte kople seg på hadde kostnadene på kvar hytte blitt lågare. Kommunen v/miljøhygienisk avdeling følger opp ulovlege utslepp ved utvendig synfaring og har i visse tilfelle hatt innvendig synfaring for sjekke ev. utslepp utan løyve. Det er gjeve pålegg om å kople i frå ulovlege utslepp. Kven som skal kople seg på er eit politisk val.

Det synast til at når kommunen endrar føresegna slik at brønn ikkje er søknadspliktig vil kven som helst kunne leggje inn vatn utan at kommunen vite om det. Til det vil rådmannen bemerke at sjølv om brønn ikkje er søknadspliktig betyr ikkje det at ein kan leggje vatn inn i hytta utan utsleppsløyve.

Fleire syner til grunnlova si § 97 om at vedtak ikkje skal ha tilbakeverkande kraft og meiner endring av kommuneplanen er i strid med dette. Til det vil rådmannen bemerke at det går klart fram av både pbl § 27-1 fjerde ledd og § 27-2 fjerde ledd at reglene også gjeld eksisterande byggverk, og at ein gjennom § 30-6 gjer 27-1 og 27-2 2 fjerde ledd gjeldande også for fritidsbusetnad, det vil si at det kan gjørast gjeldande for eksisterande byggverk, og at det er heimel i pbl til å vedta dette.

Det blir peika på refusjonssak vedk. avlaup og at det same må gjelde for vatn. Vilåret for å starte ei refusjonssak er at tiltaket ikkje er starta på jf. pbl § 18-8.

Konklusjon:

Føremålet med denne saka er å endre føresegnene til kommuneplanen. I denne saka tek ein stilling til om dei endringane som har vore på høyring skal vedtakast, bland anna om det skal takast inn føresegner som legg til rette for at kommunen kan krevje plikt til tilkopling for hytter til vatn og avlaup i heile kommunen. Val av vasskjelde er ikkje omfatta av denne saka. Rådmannen tilrår at føresegnene blir vedtatt slik dei ligg føre.

Vedlegg:

- 1 Planomtale
- 2 Høringsforslag nye føresegner med kommentarer
- 3 Høringsforslag nye føresegner utan spor endringar og kommentarar
- 4 Innspill til vedtekter i kommuneplan - grunneiere 2019
- 5 Vedlegg 1 Eksisterende vannforsyninmg
- 6 Uttale til forslag om nye vedtekter til kommuneplanen i Hjartdal
- 7 Vedlegg 2 Ønsket vannforsyning i framtidn